



Nøkkelpersoner i Uskedal Trelastlager: Terje Myklebust, Berit Guddal og Finn Guddal (frå venstre). (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Før reguleringsplanen vert handsama må det setjast fram krav om ein konsekvensanalyse i tillegg til det forholdsvis beskjedne materiell som allereie er presentert. Det skriv Terje Myklebust på vegne av Uskedal Trelastlager i sin merknad til Beinavikjo-planen. Også ein annan grunneigar krev konsekvensanalyse.**

Myklebust viser til kravet i plan- og bygningslova om at det skal utarbeidast ein slik analyse dersom ein reguleringsplan får vesentleg innverknad på miljø, naturessursar eller samfunn. Etter Myklebusts si meining får den framlagte planen i høgaste grad ein slik innverknad då han kjem i berøring med ålmenta sine interesser både på land og sjø.

- Det er i planen tenkt bebygd deler av området med hus i sju høgder, noko som vil bryta sterkt med den byggjestil ein har i området i dag og som vil hindra utsikta for mange av dei etablerte bustadane, skriv Myklebust.

I 2004 kommenterte Myklebust planane som då vart lagt fram for området i Beinavikjo og heldt fram at det burde lagast ein reguleringsplan før det vart tillate å gjennomføra planane.

I gjeldande kommuneplan er området tenkt nytta til næringsføremål. I 2004 stilte Myklebust spørsmål om leiligheter kunne definerast som næring og fekk til svar at ein del av leilighetene skulle leigast ut og at dette måtte definerast som næring.

- No er leilighetene teken i bruk av sjøleigande bebuarar og dei leilighetene som ikkje er teknen i bruk er til salgs. Dette kan vel ikkje definerast som næring, skriv Terje Myklebust.

Han vil ellers presisera at planen ikkje må vedtakast med slik ordlyd at trelastlageret sin noverande bruk av området med handel og produksjon av byggjeverar og trelast vert hindra.

Verksemnda sin kai er ein av få i Uskedalen som kan ta mot båtar av litt storleik. For å kunna nytta den i samband med drifta, lyt den innteikna båthamna flyttast meir i nordaustleg retning for å unngå at båttrafikken til og frå kaia til trelastlageret vert hindra.

I føresegnene heiter det at ålmenta skal ha rett til tilkomst til kystlina og kaikanten i minst ein meters breidde, men dette kan ikkje trelastlageret tillata av sikkerhetsmessige årsaker så lenge eigeidomen har slik bruk som i dag.

Når det gjeld parkering vert det lagt opp til 1,5 plass for kvar bueining, men allereie no har ein del av bebuarane fleire bilar og Myklebust meiner at kravet til parkering må setjast til to bilar pr. bueining.

Og hvis det skal etablerast så mange båtplassar som dei som er teikna inn, bør det krevjst 1,5-2 bilar for kvar båtplass.

Også grunneigarane Inger og Ingvald Haara meiner at det bør utarbeidast ein konsekvensanalyse for heile prosjektet. Dei viser i denne samanheng til at utbyggaren vil fylle ut i sjøen medan det ikkje er regulert inn nokon form for slik utfylling i reguleringsplanen.

Haara skriv at det er teke høgde for ein blokk på sju etasjer i strandsona og at den vil bli 20 meter høg. Eit slikt prosjekt finn han det heilt uaktuelt å godta då det vil ta all utsikt mot sjøen og verdiforringe eigedomen. Han foreslår at det ikkje fylles ut i sjø men at det blir bygd mindre einingar slik tomtene er i dag..

Av Ola Matti Mathisen